



Advokatfirmaet Kyrre ANS
Postboks 1826 Nordnes
5816 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1426 - 14/11150

Saksbehandlar:

Anngunn Marie Gullbrå

anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:

08.07.2014

Retting av feil i matrikkelkartet for gnr 36/ 42, 50, 79.

Ein syner til pågåande sak om retting av grenser i matrikkelkartet for eigedommane nemnt ovanfor.

Etter siste framlegg frå kommunen dat. 19.05.2014 har det kome attendemelding frå representantar for alle involverte.

Advokatfirmaet Kyrre representerer familien Getz og har sendt inn brev dat. 13. juni med det same kartet som låg ved saka om retting i utgangspunktet (kart er vedlagt) Det har vore synfaring på eigedommen og grenser i samsvar med skylddelingar er funnet i terrenget. Getz oppfattar det slik at eigarar av naboeigedomane skal vere einige, men at kommunen sjølvstøtt kan innhenta uttale frå naboane også. Dei seier også at ved endring av dei offisielle karta bør endring skjje i samsvar med vedlagt kartskeisse.

Eigarane til naustetomta 36/44, som har vegrett til passasjen mellom 36/42 og 36/79 har sendt inn brev dat. 12 juni. Her viser dei til synfaring og påvising av grenselinjer til 36/42 si nordre grense og 36/79 si søre grense. Det var først synfaring med grunneigar av 36/3 og seinare med eigar av 36/ 42, 50 og 79. Det var her semje om påviste merkesteinar og gjerder i begge desse grenselinjene. Dei opplyser at desse grenselinjene/ gjerda utgjer to tilnærma parallelle linjer med innbyrdes avstand på ca 3,5- 4 meter.

Grunneigar til 36/3 har sendt inn brev datert 11. juni der det vert vists til synfaring 05.06. Med på synfaringa var kjentmann Egil Gripsgård og Bjørn Trygve Andersen. Merkesteinane for 36/42, 50 og 79 vart funnet og måla frå det gamle kartet stemte. Avsendar syner også til felles brev frå eigarane av 36/44. Avslutningsvis står det at «det blir derfor ingen retting av grensene hos gnr 36 bnr 42,50,79.

Kartet vedlagt brev frå Getz syner ein passasje mellom eigedommane 36/42 og 36/79, på ca 3,5 m breidde, som nok alle kan akseptera. Det er trass alt grensemerka i marka som er gjeldande her! Det som det ikkje er semje om her er 36/79 si grense mot aust, som Getz har trekt mykje nærare naustet på 36/3 enn det eigar av 36/3 meiner er rett, og som også kjem fram av plassering av eksisterande gjerde til denne eigedommen. Dette gjerdet er dessverre ikkje i kartet.

Det er ikkje tema i ei rettesak å endra på grenser men å rette desse i kartet slik at plasseringa i kartet stemmer best mogleg med den faktiske plasseringa i marka. Kjentmann på staden- Egil Gripsgård- som var

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

med grunneigar til 36/3 på synfaring, har kryssmålt grensa/ gjerdet ut i frå naustet som står på eigedommen 36/3. Ut frå dette går austre grense til 36/79 ca 6,4 m vest for naustet på 36/3 og ikkje 1 -1,5 meter vest for naustet, slik kartvedlegget frå Getz syner. Målt avstand frå grensepunkt til nordvestre hjørnet av naustet er ca 7,75 m og til sydvestre hjørne ca 9,8 m.

Kommunen har vore i kontakt med eigar av 36/3 som har avklart at ho ikkje motset seg retting av grenser i tråd med dei grensemerker og gjerder som er i marka og som samsvarar med opphavleg skyldskifter. Getz si innteikning av austre grensepunkt til 36/79 ned mot sjøen meiner ein ikkje er i samsvar med grensene i marka/gammalt gjerde! I samråd med eigar av 36/3 kan ein ved plassering av grensepunkt ved sjø/ naust etter måla oppgitt ovanfor gjennomføra resten av rettinga i tråd med framlegget frå Getz.

Framlegg til rette grenser er teikna med blå strek på vedlagt kart. Det er eit kartvedlegg som syner berre grensene og eit med flyfoto i bakgrunnen for lettare å sjå kvar grensene er i terrenget.

Frå kommunen si side vil det ikkje verte gjort meir for at partane skal einast om felles grense i denne rettesaka. Dersom partane ikkje er samde i dette siste framlegget vil kommunen måtte legge inn denne siste grensa som omstridd grense. For å få grensene endeleg avklara må partane rekvirere oppmålingsforretning med klarlegging av eksisterande grense enten hjå kommunen eller krevje klarlegging av grense hjå jordskifteretten.

Dersom partane har innvendingar mot å gjennomføra retting som siste framlegg på kart datert 08.07.14 syner, bed ein om at de kjem med skriftleg tilbakemelding på dette innan 4 veker (pga sommarferie) etter at de har motteke dette brevet.

Dei berørte partane vil få tilsendt nytt matrikkelbrev med klagerett etter føring av retta grenser i matrikkelen.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kartvedlegg krav om retting frå Getz
36_42_nytt framlegg til retting_080714
36_42_nytt framlegg til retting_080714_u ortofoto

Mottakarar:
Advokatfirmaet Kyrre
Randi Odland
Kim Gripsgård
Tordis Odland Andersen